

# HARDANGER I LENDRING

INFORMASJONSMAGASIN FOR GRANVIN

## Ny storkommune? Viktig val

HUGS  
FOLKERØYSTING  
23. MAI



Ordførarane Ingebjørg Winjum (V), Hans Petter Thorbjørnsen (Ap), Anved Johan Tveit (Sp) og Solfrid Borge (Sp), frå Granvin, Ulvik, Eidfjord og Ullensvang.



Ordførar Hans-Erik Ringkjøb Ap frå Voss



Ordførar i Kvam Jostein Ljones (Sp)



Ungdomsrådsleiarane Alma Thorbjørnson, Katrine Riber Garen, Karoline Kalsaas og Vilde Lægreid, frå Ulvik, Granvin, Eidfjord og Ullensvang



Tillitsvald Karin Ware frå Granvin



## KOMMUNEREFORMA

Kommunereforma vart varsla ved førre regjeringsskifte. Den har ikkje berre vore positivt motteke. På den andre sida er det klart at mange av dagens små kommunar er for små til å ha eit godt nok tenestetilbod, no og i framtida. Den auka bruken av interkommunale samarbeid kan og sjåast på som eit demokratisk problem. Då regjeringa la fram forslag til nytt inntektssystem for kommunane vart det tydeleg at mange kommunar vil få dårlegare økonomi av å stå åleine. Det nye inntektssystemet er til fordel for bykommunar over 30.000 innbyggjarar, samt små kommunar med lang reiseavstand til ein folke-konsentrasjon over 5.000 menneske.

Den siste perioden har det vore drøftingar i dei aller fleste norske kommunane om kva ein skal gjere. I Hardanger har det vore mange drøftingar og ein har kome fram til intensjonsavtaler. Meinngane er mange om kva ein bør gjere. No vert det folkeavrøysting 23.mai. Det skal gjennomførast mange folkemøter om saka.

### Nytt røysteretten!

Dette informasjons magasinet er gjeve ut av kommunane, for å sikra at du som lesar kan få innsyn i saka. Ikkje minst er det målet at denne publikasjonen vil få deg ut av stolen for å røysta 23.mai. Alle som fyller 16 år i år kan røysta. Folkeavrøystinga er rådgjevande. Til sjuande og sist er det kommunestyret og heradsstyret som må fatta vedtak. Jo større oppslutnad ved valet, jo betre grunnlag får dine lokale politikarar til å fatta eit vedtak.

Grunna plassomsyn er det ikkje mogeleg å kome med all relevant informasjon i dette magasinet. Vi vonar at magasinet kan vere til inspirasjon for deg, til å lesa meir om kommunereforma, dei ulike intensjonsavtalane, delta på folkemøte og drøfta saka med familie og vener.

Då er det berre å seia: Godt vall!

## MEIR INFORMASJON

Du finn meir informasjon om kommunereforma på herada og kommunanes heimesider. Her ligg alle relevante dokument om saka. Ta deg spesielt tid til å setja deg inn i dei ulike intensjonsavtalane.

### Du finn heimesidene her:

Ullensvang.herad.no  
Granvin.kommune.no  
Ulvik.kommune.no  
Eidfjord.kommune.no  
Odda.kommune.no  
Jondal.kommune.no  
Kvam.kommune.no  
Voss.kommune.no



## Sponheim med tru på større kommunar i Hardanger

Fylkesmann Lars Sponheim var svært direkte då han møtte alle formannskapa frå dei sju Hardanger-kommunane på Hardingtinget i Norheimsund i februar. Han var tydeleg på at han helst såg at det vert skipa ein eller fleire nye kommunar i Hardanger.

Sponheim spådde ei økonomisk krasjlanding for Noreg i løpet av kort tid, dersom ein ikkje omstiller seg. Han sa at Noreg står føre store omstillingsprosessar på bakgrunn av nedkjølinga av olje- og gassøkonomien, eldrebølga og aukande arbeidsløyse som eit bakteppe.

### Noreg har ikkje råd til mange kommunar

-Vi har ikkje råd til å ha så mange fylkesmenn som meg i framtida! Vi har ikkje råd til å ha så mange kommunar og fylke i framtida heller, dersom vi skal ta vare på det beste av det vi har i Noreg. Vi er berre fem millionar nordmenn i dette landet, men vi har organisert oss som om vi er 50 millionar, sa ein engasjert Fylkesmann til dei frammøtte frå Hardanger-kommunane.

### Absolutt frist 1. juli

Han streka under at den absolutte fristen for å fatta eit vedtak om samanslåing er sett til 1. juli 2016. Dei som etter denne datoen framleis er såkalla friviljug åleine som liten kommune, misser då inntekts-amnestiet på 15 pluss 5 år og vert ein del av det ordinære inntektssystemet for kommunane som Stortinget vedtek primo juni 2016 med verknad frå 2017. Dei som derimot har eit vedtak på å slå seg saman med minst ein annan kommune, vert sikra kommuneinntekter som no i 15 år pluss ein nedtrappingsperiode på 5 år.

### Økonomisk gulrot og pisk

Dei som ikkje har fatta samanslåingsvedtak innan fristen, misser denne økonomiske gulrota. Det vert nytta både økonomisk gulrot og pisk i arbeidet med kommunereforma: Sidan kommunane sitt inntektssystem ikkje er vedteken enno, så er det vanskeleg å seia kor mykje friviljuge, små kommunar som fortsatt vil halda fram åleine, kan tapa i inntekter. I verste fall kan det vera snakk om svære beløp, sidan både det å vera ein liten kommune ikkje lenger vert kompensert. Vidare vert det endringar i ordningar som basistilskotet til alle kommunar, som no gjev 13,2 millionar kroner årleg anten ein heiter Granvin eller Oslo. Truleg vert dette jamna mykje meir ut, slik at dei kommunar med lite folketal får mindre av basistilskotet og dei med større innbyggartal får relativt meir. Det vert og gjeve reformstønad på fem millionar kroner dersom to kommunar slår seg saman – med opptrapping. til 20 mill dersom det til dømes som Hardanger er mindre enn 30.000 innbyggjarar. I tillegg vil samanslegne kommunar få dekkja eingongskostnader frå 20 mill og oppover avhengig av antal kommunar og folketal – til dømes 40 mill for 4 kommunar med mindre enn 20.000 innbyggjarar.

### Eingangskostnader

Kommunar som slår seg saman får dekkja eingangskostnadar etter ein standardisert modell. Basert på utbetalingane i dei siste samanslåingsprosessane er 20 mill. kroner sett som eit grunnbeløp per samanslåing, og vert differensiert etter antal kommunar og antal innbyggjarar i samanslåinga. Beløpet vert utbetalt når nasjonale vedtak om samanslåing er gjort.

ANSVARLEG UTGJEVAR: Ordførarane i kommunane  
MAGASINET ER LAGA AV: Lekve Kommunikasjon og RAM Reklame as.  
Tekst og foto; Jørn Lekve. Grafisk produksjon Sigrun A. Strømberg.  
TRYKK: HBO AS Haugesund  
OPPLAG: Alle husstandar i kommunane



## Vegen vidare saman?

Dei fire ordførarane i indre Hardanger ser fram til folkerøystinga 23.mai. Dei vonar alle på høg valdeltaking. Då kan resultata vera med på å påverka kva val dei ulike heradsstyra og kommunestyret gjer, i samband med kommunereforma.

Anved Johan Tveit, Solfrid Borge, Ingebjørg Winjum og Hans Petter Thorbjørnsens felles sterke oppmøding til innbyggjarane i herada og kommunen deira er klar og enkel:

-Set deg inn i kva dei ulike alternativa inneber for deg. Kom deg ut av godstolen og røyst den 23.mai!

### Mange avtaler

Det er utarbeida fleire intensjonsavtaler i Hardanger: Det er eit trear-alternativ som inneber samling av Eidfjord kommune, Granvin herad og Ulvik herad. I tillegg er det ein intensjonsavtale mellom desse tre og Ullensvang herad. Dette vert av mange kalla firar-alternativet eller nord-alternativet. I tillegg har Ullensvang ein intensjonsavtale med Jondal og Odda, også kalla sør-alternativet. Granvin har intensjonsavtale med både Kvam og dermed kanskje Jondal, samt Voss og dermed kanskje Vik og Aurland, sidan Kvam har ein intensjonsavtale med Jondal og Voss har ein med Vik og Aurland.

Tre av dei fire ordførarane rår sjølve til at folk røyster for det største alternativet i Indre Hardanger. Dersom det skjer, så kan eit resultat vera at ordførarane og deira rådmenn set seg saman til konkrete forhandlingar om ein ny kommune, tufta på alle fire, eller kanskje berre tre.

### 0-alternativet

Solfrid Borge frå Ullensvang vil venta til resultata for folkerøystinga foreligg. Ho er og open på at eit 0-alternativ er mogeleg løysing for både dei og eventuelt andre kommunar. Berre gravensarane har ikkje dette som eit mogeleg utfall. Dei har alt vedteke at dei skal slå seg saman med ein eller fleire, uansett. Ein eller fleire kommunar eller herad kan seia nei til samanslåing, dersom det vert stor overvekt av folk som røyster for 0-alternativet. Det alternativet er at ein vil halda fram som no, åleine.

### Tydelege signal frå ungdomen

Eidfjord-ordføraren Anved Johan Tveit (SP), Ullensvang-ordføraren

Solfrid Borge (Sp), Granvin Ordføraren Ingebjørg Winjum (V) og Ulvik-ordføraren Hans Petter Thorbjørnsen har dei siste månadene arbeid hardt med møte og forhandlingar knytt til kommunereforma. Dei har alle gjort seg opp sine syn, som dei delar med deg i dette informasjonsmagasinet. Det gjer også Ungdomsrådsleiarane Alma Thorbjørnsen, Katrine Riber Garen, Karoline Kalsaas og Vilde Lægneid, frå Ulvik, Granvin, Eidfjord og Ullensvang. Dei er alle for det største Hardanger-alternativet.

### Ulikt syn i næringslivet

Folk frå nærings- og samfunnsliv har ikkje overraskande ulike syn. Fleire meiner til dømes at ein godt kan klara seg fint, åleine som no. Uansett kva veg ein vel, så er det viktig at folk seier si meining.

### Hugs 23.mai

Dersom du ikkje er i bygda denne dagen, så gå å førehandsrøyst. **Godt vall!**





Framtida for storkommunen: Dei fire engasjerte ungdomsrådsleiarane Vilde Læg Reid (18) frå Ullensvang, Karoline Kalsaas (16) frå Granvin, Alma Thorbjørnson (16) frå Ulvik og Katrine Riber Garen (17) frå Eidfjord, meiner alle at beste løysinga for framtida er at alle dei fire kommunane går saman til ein ny, storkommune.

Dei fire leiarane for ungdomsråda i Granvin, Ulvik, Eidfjord og Ullensvang er alle krystallkare på at dei er positive til samanslåing av dei fire kommunane. Dei meiner at ein ny storkommune i Hardanger først og fremst kan føra til tettare band mellom ungdomane i kommunane.

## Dei unge vil ha STORKOMMUNE

-Eg trur at dersom vi går saman så vil det gradvis føra til at dagens fordommar mellom oss vert reduserte og at vi finn fleire felles sosiale møtestader, seier leiaren for Ullensvang Ungdomsråd, Vilde Læg Reid (18).

Ho er og leiar for Hardanger Ungdomsråd, der alle dei sju kommunane i regionen er representerte. Ho får støtte i sitt syn frå ungdomsrådsleiarane Karoline Kalsaas (16) frå Granvin, Alma Thorbjørnson (16) frå Ulvik og Katrine Riber Garen (17) frå Eidfjord.

### Større og meir robust

Karoline, Alma og Katrine er alle nøgde med intensjonsavtalen mellom dei tre kommunane dei bur i. Dei er glade for at også Ullensvang samrøystes vedtok intensjonsavtalen.

-Eg trur at folk flest i desse tre kommunane ser at det er mykje bra i avtalen. Den er god sidan den er rettviss. Alle får noko, men alle vil og tapa noko. Eg trur likevel at summen av dette vert betre enn å halda fram åleine, som før, seier Alma frå Ulvik, og får støtte av Katrine frå Eidfjord og Karoline frå

Granvin. Dei ønskjer alle at også Ullensvang vel å gå nord, i staden for syd:

-Min personlege meining er klar, eg vil mykje heller at Ullensvang vert saman med Ulvik, Granvin og Eidfjord, enn at vi vendar oss mot Odda og Jondal, seier Vilde Læg Reid, frå Ullensvang.  
-Når det først går mot samanslåing, så er det berre bra at Ullensvang og vert med. Det vil gje den nye kommunen mykje meir tyngde og den vert meir robust, seier Alma.

### Ungdommane er framtida

Vilde, Karoline, Alma og Katrine er glade for at 16-åringane skal få røysterett i dei førebuande folkerøystingane.  
-Det skulle berre mangle, det er jo dei som er framtida. Det er ikkje godt vaksne som styrer den nye kommunen om 20-30 år! Det er dei som er unge i dag. Difor er det berre rett og rimeleg at vi og får delta i røystinga, seier Katrine Riber Garen. Dei tre andre er samde, men understrekar at det er viktig med god informasjon.

-16 åringer bør få røysterett og ved Stortings- og kommuneval. Ein føresetnad for dette er likevel at politikarane våger å møte ungdommane og gje dei god informasjon om kva dei står for, understrekar Vilde Læg Reid.

### Vil avgjera sjølv, imot tvangsekteskap

-Kanskje det viktigaste med denne kommunereform-prosessen er at vi no kan avgjera sjølv kva vi vil. Dersom vi ikkje vel å gå saman med andre, så kan vi verta tvangsgifta med Voss. Det vil eg slett ikkje!, seier Alma frå Ulvik.  
-Og, tvangsekteskap er ikkje loveleg i Noreg, ler Katrine.  
-Uansett, det er betre å velja kven du vil vera med sjølv, enn at andre til slutt tek den avgjerda, seier Karoline. Granvinsjenta er tydeleg

## Betre sosialt miljø

på at korkje ho eller Alma frå Ulvik vil plasse-rast inn i Vossaveldet.  
-Då trur eg at vi får det mykje betra saman, vi fire kommunane her i indre Hardanger, seier Katrine frå Eidfjord.

### Rettvis fordeling av forbrukartilbodet

Dei fire engasjerte ungdomsrådsleiarane er drøftar seg fram til kva som er det aller, aller viktigaste ved ei samanslåing, til ein ny stor kommune. Raskt vert det semje om at tenestetilbodet til folk flest ikkje må forverrast, og at endringane som vil måtte kome, må opplevast som rettvise.  
-Det viktigaste ved ei samanslåing er at forbrukartilbodet i den nye kommunen vert rettvist fordelt. Sjølv sagt vil

## Ungdommen kjem meir saman

### -Fordelar med både sør og nord for Ullensvang

-Eg har førebels ikkje teke stilling til kva alternativ eg kjem til å røyste på. Eg ser fordelar for Ullensvang både ved å slå seg saman med Jondal og Odda, samt at Nord-alternativet med Ulvik, Eidfjord og Granvin, og har mange gode ting, seier Andreas Kvestad Kråkevik.

Han er busett på Kråkevik, midt mellom Nå og Aga i Ullensvang. 19-åringen er russ og kan sjåast på vegane i russebilen Van Force One. Hans planar for komande året er folkehøgskule eller arbeid, før han vil søkje om opptak på befalsskolen. Han er medlem av Ullensvang ungdomsråd og veit at meiningane om kommunereforma der er delte.

### -Alle må røyste!

-Eg er ikkje så oppteken av kor kommunegrensene går, sånn i det daglege. Det viktigaste er at vi har gode tilbod. Men eg skjønar at Ullensvang ikkje kan halda fram åleine, dersom mange andre går saman. Uansett skal eg gjere meg opp ei meining før eg røyster. Det meiner eg at alle som kan må gjera, seier Andreas Kvestad Kråkevik.

det kome endringar, men dei må opplevast som rettvise. Difor er det viktig at tilbod og tenester fordelast med kløkt. Av det eg har sett og høyrd så langt av hovudinnhaldet i intensjonsavtalen, så meiner eg at dette overordna ser bra ut, seier Vilde Læg Reid.

### Stør skulesatsing i Granvin

Ungdommane har ikkje noko imot den nye skulestrukturen i ein eventuell ny storkommune. Barneskuletilbodet skal oppretthaldast i Eidfjord, Granvin, Ulvik og Ullensvang, men ungdomsskulane i Eidfjord, Granvin og Ulvik skal etter intensjonsavtalen samlast til ein felles ungdomsskule, lokalisert i Granvin.  
-Det vert berre kjekt at vi då får ein større skule. Granvin vert eit naturleg samlingspunkt for ungdomsskuleelevene, og lærarmiljøet vert sikkert og betre, meiner dei fire, Vilde Læg Reid, Karoline Kalsaas, Alma Thorbjørnson og Katrine Riber Garen.

## Større og betre skule





# INTENSJONSAVTALANE

Dei fire hovudpunkta i intensjonsavtalen mellom Eidfjord, Granvin, Ulvik og Ullensvang:



Det har vore ein lang prosess for å kome fram til intensjonsavtalen mellom dei tre herada Ullensvang, Ulvik og Granvin og Eidfjord kommune, samt avtalen mellom desse tre og Ullensvang.

Først vedtok dei fire å laga ei utgreiing. Deretter melde Ullensvang seg av for ein periode. Så kom dei attende att, men har no vedteke to intensjonsavtaler samrøystes. Ein avtale med Sør-alternativet Odda og Jondal kommunar, samt nord-alternativet med Eidfjord, Ulvik og Granvin. Både heradstyra i Ulvik og Granvin vedtok intensjonsavtalen, men i Eidfjord vart den i første omgang ikkje vedteken. Etter nytt vedtak er statusen no at og Eidfjord har vedteke intensjonsavtalane, både med Granvin og Ulvik, samt ein med dei to i tillegg til Ullensvang.

## Livskraftig og attraktiv

I begge intensjonsavtalane, trear og firaralternativet, eller syd-nord alternativet, heiter det at målet for den nye kommunen skal vere å skapa ein ny, livskraftig og attraktiv kommune i Hardanger. Den nye kommunen skal sikra og vidareutvikla kvalitet i tenestene til innbyggjarane og vera ein god kommune å bu og veksa opp i. Målet med kommunesamanslåinga

er å sikra innbyggjarane i dei fire kommunane gode desentraliserte tenester i framtida.

## Kvifor ein ny kommune?

Begge intensjonsavtalene slår fast at Eidfjord, Granvin, Ullensvang og Ulvik er i dag kommunar med relativt lågt folketal og som er sårbare både når det gjeld tenesteutøving og inntektssituasjon. Ei samanslåing av dei fire vil gje den nye kommunen god økonomisk soliditet og såleis sikre at det også i framtida vert ytt gode tenester til innbyggjarane.

## Likeverd og rausheit

Begge intensjonsavtalane seier at samanslåingsprosessen skal vera prega av likeverd, rausheit og forståing av kvarandre sin ståstad. Den nye kommunen skal utviklast og driftast med utgangspunkt i dei tidlegare kommunane sine fortrinn og sterke sider, men og ut frå dei utfordringar dei har.

## Ingen oppseiingar

Tilsette i dei fire kommunane skal ikkje bli sagt opp som følgje av prosessen. Eventuelle overtalige skal få tilbod om nye oppgåver i den nye kommunen. Den administrative omorganiseringa skal skje i nært samarbeid med dei tilsette og tillitsvalde. Den nye kommunen

skal vera ein attraktiv og utviklande arbeidsplass for dei tilsette. I den nye kommunen skal satsinga på framtidige arbeidsplassar og næringsutvikling på tvers av gamle kommunegrenser stå sentralt. Den nye kommunen skal utviklast og driftast med utgangspunkt i dei tidlegare kommunane sine fortrinn og sterke sider, men og ut frå dei utfordringar dei har.

Den nye kommunen skal organisera slik at han kan møte framtida sine utfordringar og krav til tenesteutøving til innbyggjarane.

## Sterkare fagmiljø, meir stabil rekruttering

Ein ny og større kommune vil betre kunne leggja til rette for god og offensiv nærings- og samfunnsutvikling gjennom mellom anna meir koordinert arealplanlegging på tvers av dagens kommunegrenser. Ein ny kommune vil mogleggjere større og sterkare fagmiljø, meir stabil rekruttering av relevant fagpersonell med god kompetanse og gjere tenesteytinga til innbyggjarane mindre sårbar.

Ein større kommune vil kunna gje meir effektiv administrasjon og tenesteproduksjon, kor vinsten skal nyttast til å gje betre tenester til innbyggjarane.

# MEININGAR OM SAMANSLÅING

## – Heier på det største alternativet, med Ullensvang

- Eg kjem absolutt til å heia på det største samanslåingsalternativet, det som og inkluderer Ullensvang. Vi høyrer naturleg saman. Vi har fjellet felles saman. Eg voner verkeleg at i alle høve den mest folkerike delen av Ullensvang kjem til oss, seier Hans Olav Læg Reid.

Han er drivar og eigar av Rauhelleren Turisthytte på Hardangervidda, samt verksemda Eidfjord Aktiv i Eidfjord. Læg Reid er klar over at mange i Eidfjord er skeptisk til samanslåing. Dette uroar han, sidan han trur at deira standpunkt er tufta på ei tru om at Eidfjords god økonomi vil vare ved også i framtida.

**Kravstore folk og ubrukelege politikarar**  
-Samfunnsutviklinga seier noko heilt anna. Eg meiner at folk tek feil dersom dei trur at vår gode økonomi vil halda fram dersom vi vel aktivt å fortsatt stå åleine. Eg meiner at

for god økonomi i små kommunar lett kan føre til kravstore folk og ubrukelege politikarar. Det syner vel og røynsla frå mange andre små kommunar. I ein større kommune vil vi få et breiare utval av politikarar å velje mellom. Vi vert og en større og meir folkerik kommune, som betre kan løyse dei mange oppgåvene som kommune-Noreg står føre. Det er difor klart for meg at ein samanslåing med både Ulvik, Granvin og Ullensvang vil vere eit gode for utviklinga av lokal-demokratiet, seier Hans Olav Læg Reid.



## Tillitsvald nøgd med ein open og klar kommuneforhandling

Karin Ware frå Granvin har representert dei tillitsvalde i forhandlingsmøta mellom kommunane og herada. I løpet av seinaste månadene har det vore mange møter. Ho er tydeleg på at det har vore ein open og ærleg prosess, der alle har vore høyrde.

-Eg oppfatar prosessen som god. Det har vore openheit og ein konstruktiv tone i alle møta. Eg meiner at dei intensjonsavtalane som no er signerte av herada og kommunane, er god for innbyggjarane og ikkje minst dei tilsette i kommunane, seier ho. Karin Ware er hovudtillitsvald for arbeidstakarorganisasjonen Delta, som er ein politisk uavhengig yrkesorganisasjon i YS. Ho vart og vald inn til å delta i forhandlingsmøta, med mandat frå Sjukepleiarforbundet, Utdanningsforbundet og Fagforbundet, noko som gjer at ho representerer nesten alle dei tilsette i kommunen.

## Tilsette-vern viktig

-Eg vil ikkje flagge noko personleg syn på om det bør verta samanslåing eller ei, men eg må få seie at det har vore særskilt viktig for oss med at tilsette i dei fire kommunane ikkje skal bli sagt opp som følgje av prosessen. Eventuelle overtalige skal få tilbod om nye oppgåver i den nye kommunen. Den administrative omorganiseringa skal og skje i nært samarbeid med dei tilsette og tillitsvalde. Den nye kommunen skal vera ein attraktiv og utviklande arbeidsplass for dei tilsette, seier Karin Ware.

## – Skeptisk til samanslåing

**Kraftverksjefen for Kraftverksgruppa i Hardanger, Vidar Riber, er skeptisk til resultatet av ei eventuell kommunesamanslåing.**

Han er leiar for Statkrafts anlegg i Hardanger, det vil seie kraftanlegga i Sima, Tysse-dal, Ålvik og Folgefonn. Han styrer dermed nokre av dei viktigaste inntektskjeldene i regionen.

**Færre arbeidsplasser, mindre pengar**  
- Målet Regjeringa har med reforma er mellom anna å redusere antall kommunar og å skapa større einingar med kompetente ressursar for å yte innbyggjarane betre tenester, vidare skulle dette vere ein frivillig ordning som kommunane sjølve skulle finne ut av i samarbeid. For Eidfjord sin del er det vanskeleg å sjå at ei større kommuneining skal kunne gje Eidfjord sine innbyggjarar betre tenester enn det me har i dag, seier Vidar Riber.

- Målet med større einingar er å utnytte potensielle gevinstar ved sentralisering og samordning. I dette høve vil det mellom anna bety færre arbeidsplassar i dei kommunane som slår seg saman. Kva vil skje i Eidfjord dersom vi til dømes misser femten til tjue arbeidsplassar? Det vil vera spesielt uheldig i ein situasjon der vi alt slit med å oppretthalde folketallet. Og kva vil skje med tenestetilbodet? Vil vi miste mykje av den nærleiken vi har til tenestene i dag. Kva med lokal styring av fjellrettane som ligg i Eidfjord? Ved ein eventuell samanslåing er det rimeleg at Eidfjord som har ein god økonomi, må dela med andre, det igjen vil medføre at det vert mindre ressursar til å satse på nyskaping og vekst i Eidfjord. Difor er eg



som innbyggjar i Eidfjord i utgangspunktet skeptisk til kommunereforma slik regjeringa legg opp til i dag. Hadde det følgd med nye arbeidsplassar trur eg folket generelt hadde vore meir positive til ei samanslåing av kommunar, seier Vidar Riber.

## Minner om EU-striden

Det er i løpet av prosessen og skapt ein usikkerheit i høve til kva som vil skje med dei kommunane som ikkje frivillig gjeng med på ei samanslåing, kan dei då verta tvinga inn i ein større kommune, og kva val har i tilfelle Eidfjord då? Det er svært vanskeleg å spå kva som vert resultatet av ei kommunesamanslåing likeins er det usikkert kva som vil skje med dei kommunane som vel å halde fram som no. I utgangspunktet skulle dette vere ei frivillig ordning, så då bør ein gjerne tru på det. Det heile minner litt om EU-striden og dei dystre spådomane med kva som ville skje med Norge viss vi ikkje vart medlem!... Folket sa likevel nei. Eg trur at det er mykje det same som kan skje no.

I ettertid trur eg at langt dei fleste er einige om at det var rett av fleirtalet å seie nei til EU og mellom anna halde på våre eigen valuta, sjølv om regjeringa meinte at medlemskap var best for landet, avsluttar Riber.



ANVED JOHAN TVEIT

# Tilrår at Eidfjord går saman med grannekommunane

I Eidfjord har det vore høg temperatur knytt til kommunereforma. Først sa kommunestyret samrøystes nei til dei to intensjonsavtalane, før dei 11.april sa ja, til dei same.

- Dette er inga enkel sak. Men eg har kome fram til at det beste for Eidfjord på lang sikt vil vera å slå oss saman med andre. Difor vil eg tilrå veljarane å røysta ja til kommunesamanslåing. Dei to intensjonsavtalane er grunnlaget for ei eventuell samanslåing med Granvin, Ulvik og heile eller delar av Ullensvang, seier Eidfjord-ordføraren Anved Johan Tveit (Sp).



Sterkere røyst for betre samferdsle: - Riksveg 13 vil vera viktig for den interne kommunikasjonen i den nye kommunen og utbetring av vegen skal ha høg prioritert, seier Anved Johan Tveit. Han oppmodar alle om å setja seg godt inn i intensjonsavtalane, som ligg på kommunen sine heimesider. Dei som ynskjer ein papirkopi av avtalane, kan få slike på kommunehuset. I tillegg vonar han på høg valdeltaking ved folkerøystinga 23. mai. -Elles er døra mi alltid open. Det er berre å spørja dersom folk lurar på noko, seier han.

Han vedgår at han ikkje har følt noko stor trykk frå folk flest i Eidfjord om at me lyt slå oss saman med grannekommunane.

## Ingen garanti for fortsatt god økonomi

-Eg trur at dette har samheng med at me i Eidfjord har hatt ein god og solid økonomi, og at tenestetilbodet er godt. Kvifor skal me då endra på noko, sidan folk flest synest at det fungerer godt og er nøgde med stoda slik ho er. Me har likevel ingen garanti for at dette vil halda fram. Eidfjord er ein

liten kommune, og me får stadig nye oppgåver. Som liten er me og sårbare, og difor trur eg den beste løysinga for Eidfjord i åra som kjem, er at me går inn i ein ny og større eining. Dersom me ikkje går saman med andre no, er eg redd for at me uansett vert dikterte frå Oslo ein gong i nær framtid. Då må det vere betre å velja sjølve no. Folk i Eidfjord skal røysta over alternativa den 23. mai. Det er anten å halda fram åleine som no, eller å seia ja til ei samanslåing med Ulvik og Granvin, og heile eller delar av Ullensvang. Eg har kome fram til

at beste alternativet er å gå for det største alternativet, bestående av dei fire kommunane og herada her inst i Hardangerfjorden, seier Anved Johan Tveit.

## Gardbrukar, flymekanikar og ordførar

Han er en røynd lokalpolitikar i Eidfjord. Han kom inn i kommunestyret i 1983. Han var ordførar i perioden 1999 til 2003, og vart vald til ordførar att i 2007, ein posisjon han har fram til neste val i 2019. Då vil han ha 16 års røynsle som ordførar. I tillegg har han lang erfaring

frå det private næringslivet. Han er utdanna ingeniør og flymekanikar og arbeidde for Luftforsvaret og dåverande Braathens SAFE i Bodø og på Sola, før han starta som gardbrukar med sau og kjøttfe i Simadal i 1981.

## Eidfjord får kommunesenteret

Han seier at begge intensjonsavtalene som kommunestyret vedtok, er gode for Eidfjord. Han er klar over at mykje av veksten i norske kommunar dei seinare tiåra har kome nettopp kring kommunesenteret. Truleg vil dette også skje i Eidfjord.

-Det kan innebera at me etter kvart får ein noko større administrasjon her i Eidfjord. Det viktigaste er likevel at tenestene vert betre i ei større eining, og at me vert mindre sårbare enn no. Dette har samheng med at fagmiljøa vert større, med høg kompetanse. Då kan me oppretthalda tenestetilbodet på dagens gode nivå.

## Den nye sjukeheimen kjem

Anved Johan Tveit strekar under at planane om ein ny topp moderne sjukeheim i Eidfjord ikkje vert endra på grunn av at intensjonsavtalane seier at det skal byggjast nytt helsesenter i Ulvik. Byggjastart er no på ettersommaren, og planane om nytt helsesenter i Ulvik vil ikkje påverka framdrifta av arbeidet her i Eidfjord. Det er og viktig å få fram at me framleis sjølv sagt skal ha ei god legeteneste i Eidfjord, inklusiv legevakt på dagtid måndag til fredag.

## Felles samferdsleinteresse

Anved Johan Tveit meiner at ein større kommune inst i Hardangerfjorden vil ha ei klar felles interesse innan samferdslespørsmål.

-Den nye kommunen vil verta ein aktiv pådrivar for å sikra at Rv 7 og E 134 vert sikre heilårsveggar, og at Fv 7, Fv 550 og Fv 572 er viktige fylkesveggar. Rv 13 vil vera viktig for den interne kommunikasjonen i den nye kommunen, og utbetring av vegen skal ha høg prioritert. Det er klart at me i desse spørsmåla vil ha ei sterkare, felles stemme, for å sikra endå betre kommunikasjonsløysingar i framtida.



## Vil røysta for samanslåing, men er bekymra for dei eldre


-Eg kjem nok sikkert til å røysta ja for ei samanslåing. Det er den vegen utviklinga går, seier dagleg leiar for Destinasjon Eidfjord og turistkontoret, Marit Stadheim. Ho legg raskt til:

- Men eg må få seia at eg er spent på korleis det vert for dei eldre i samfunnet vårt. Eg vonar at dei ikkje vert gløymde i ein større kommune. Det er ikkje nokon enkel avgjerd folk i Eidfjord snart skal ta ved folkeavrøystinga 23.mai. Eg er spesielt bekymra for at det gode tenestetilbodet til dei eldre i kommunen kan forsvinna. På den andre sida så er det mykje som taler for at Eidfjord ikkje lenger kan stå åleine. Vi er ein liten kommune i dag, vi treng fornying, seier Marit Stadheim.

## Utvid horisonten

Stadheim som kjem frå Vik i Sogn og Fjordane, kom frå Tyskland til Eidfjord i 2008 då ho vart dagleg leiar for Destinasjon Eidfjord AS. Ho set pris på mykje av kva dei har i Eidfjord i dag, men trur at både kompetanse, fagmiljø og arbeidsplassar vil auka, dersom det går mot ein ny kommune, der administrasjonssenteret vert lagt til Eidfjord, noko begge intensjonsavtalane inneber.

-Ein ny og større kommune vil føra til utvida horisont. Det er bra, også for oss i Eidfjord, seier Marit Stadheim.



## – Bekymra for distrikta

**Næringsdrivande og eigedomsforvaltar Arnulf Indrebø har ikkje teke noko standpunkt enda på kva han vil røysta. -Først og fremst er eg bekymra for distrikta i Noreg. Heile kommunereforma er berre ei sentralisering av Noreg, seier han.**

Arnulf Indrebø er frå Førde i Sunnfjord. Han kom til Eidfjord i 1974 og har sidan vore privat næringsdrivande i bygda. Han seier at han vil bruka tid på å setja seg betre inn i intensjonsavtalen. Han meiner at det han har lese i den så langt er for lite konkret. Avtalen burde vore grundigare, meiner han. Indrebø legg ikkje skjul på at han meiner at dei lokale politikarane for tida og er utsett for eit stort press frå sentralt hald.

## Nedbygging av distrikta

-Eg meiner at sentrale politikarar seier alt for lite om kva dei eigentleg meiner om distrikta. Den sokalla kommunereforma ser eg heilt klart på som eit verktøy for nedbygging av distrikta. Dei vil berre at alt skal verta så mykje større, utan at dei seier kva dei vil gjera for å styrka distrikta. Eg er ikkje prinsipielt mot samanslåing, dersom det er fornuftig. Men då må politikarane visa oss kva vinster vi får ved ei samanslåing. Det har ikkje eg sett, så langt. Difor vil eg nytta litt meir tid før eg tek standpunkt, seier Arnulf Indrebø



## – Eidfjord treng meir kompetanse og fleire politikarar å velja mellom

**Drivar og eigar av Eidfjord Fjell & Fjord Hotel, Borghild Therese Vindenes Vik, er tydeleg på at ho ønskjer at Eidfjord går inn i ein større kommune.**

- Eg kjem difor til å røysta for intensjonsavtalen mellom Eidfjord, Granvin, Ulvik og Ullensvang. Jo større jo betre! Eigentleg hadde eg helst sett at vi hadde tenkt endå større. Då er det naturleg for meg å sjå mot Voss. Infrastrukturen peikar klart meir mot Voss, enn mot Odda. I tillegg er Voss bynært til Bergen, seier Vindenes Vik.

Ho flytta til Eidfjord i 2001 og overtok Eidfjord Fjell & Fjord Hotel i 2006. I dag er det ein av dei største private arbeidsgjevarane i Eidfjord, men 10 årsverk. Borghild Therese Vindenes Vik seier det er to hovudgrunnar til at ho ønskjer seg ein større kommune:

## Demokrati og kompetanse

- For det første er det demokrati. I mange små kommunar er det eit problem med habilitet og talet på folk som vil ta på seg ansvar som politikar. Dersom vi vert større vil utvalet av politikarar auka, noko som eg ser positivt på. Eg trur ikkje at Eidfjord vil forsvinna i ei større eining, så lenge folk er engasjerte. For det andre gjeld det kompetanse. Her i Eidfjord treng vi fleire rollemodellar, som gjev ungdommen lyst til å ta høgare utdanning og få høg kompetanse. Eg trur at Eidfjords gode økonomi gjennom lang tid har vore øydeleggjande for kreativiteten og utdanningsnivået her. I ein større kommune meiner eg at Eidfjord vil få tilført fleire folk med høg kompetanse, sjølv om ei samanslåing av fire kommunar her inst i Hardanger truleg berre er eit stopp på vegen, til ein endå større kommune, truleg med Voss, seier den engasjerte hotellverten.



Ingbjørg Winjum:

## -Granvin kan ikkje stå åleine lenger

-Eg ynskjer i utgangspunktet at Granvin skal bli del av ein ny kommune med Eidfjord, Ullensvang og Ulvik. Men den endelege avgjerda vert å ta i heradsstyret i juni etter at resultatet av folkerøystinga ligg føre, seier Granvins-ordføraren Ingebjørg Winjum (V).



Ho er tydeleg på at Granvin herad ikkje kan halda fram som eigen kommune. Dette gjorde også heradsstyret eit vedtak om, samrøystes, november 2014.

- Vi har eit vedtak om at Granvin må slå seg saman med ein eller fleire av nabokommunane. Då valde vi og retning: Mot ei stemme, som ville venda seg mot Voss, vedtok heradsstyret å lage ei administrativ utgreiing som tok føre seg konsekvensar av ei mogeleg samanslåing av Granvin, Ulvik, Eidfjord og Ullensvang med påfølgjande intensjonsavtaler.

### Avtalar også med Voss og Kvam

- I etterkant har vi også fått avtaler med Voss og Kvam, seier Ingebjørg Winjum.

Då det seint i prosessen kom signal om at det var ynskje om fleire alternativ, tok politikarane konsekvensen av dette.

-Vi tok kontakt med Voss og Kvam, og dei var opne for å laga avta-

le med Granvin. Resultatet vart intensjonsavtale med Voss, og ein tilleggsavtale med Kvam som er eit tillegg til avtalen mellom Kvam og Jondal.

### Rådgjevande folkerøysting

I Granvin vert det lagt fram tre alternativ til folkerøystinga 23.mai: Eitt alternativ bygd på intensjonsavtalane som er utarbeidd med dei tre kommunane Eidfjord, Ullensvang og Ulvik (kalla indre Hardanger). Vedtak i desse kommunane vil vera avgjerande for dette alternativet. Eitt alternativ bygd på avtalen med Voss. Denne vil bli samordna med avtalen Voss har med Aurland og Vik dersom det vert ein realitet. Eitt alternativ bygd på tilleggsavtalen med Kvam. Den vil koma som eit tillegg til avtalen Kvam har med Jondal dersom den vert ein realitet.

Det vert då 3 røystesetlar å velja mellom. Og det er høve til å føra opp eit alternativ 2 på røystesetelen.

Formelt er det heradsstyret i Granvin som til slutt skal vedta kven Granvin skal slå seg saman med. Folkerøystinga er rådgjevande. Me veit ikkje i dag kor klart svar den vil gje.

### Små kommunar er sårbare

-Å stå åleine er ikkje eit alternativ. Det har vorte tydeleg for meg etter at eg vart vald til ordførar i 2011. I løpet av dei seinaste åra har norske kommunar fått stadig nye oppgåver og krav til drifta. Som eit lite herad er vi svært sårbare. Vi har små fagmiljø, som er avhengige av einskildpersonar for at oppgåvene skal verta løyste på ein god måte. Til dømes kan sjukemeldingar og permisjonar råka hardt. Difor er det viktig for Granvin å bli større. Eg trur likevel folk i Granvin opplever at vi har gode tenester i dag, og det er bra. Men mykje tyder på at små kommunar i framtida kan få vanskar med å rekruttera fagpersonar til så små fagmiljø, understrekar

Granvins-ordføraren. I tillegg får vi signal om nye oppgåver og krav som me ikkje vil ha mulegheit til å løysa. Økonomien vår er heller ikkje robust nok til det.

**Arbeidet med kommunereforma** starta i Hardangerrådet i 2013. Dei fire kommunane Ulvik, Granvin, Eidfjord og Ullensvang starta samtalar, då heradsstyra ikkje hadde tru på at det var mogeleg å skipa ein felles ny kommune tufta på alle dei sju kommunane i Hardanger. Men ei løysing inst i Hardangerfjorden såg me på som naturleg. Granvins-ordføraren meiner at utgreiinga som vart førd i pennen av rådmannen i Ulvik, Joakim S. T. Øren på ei grundig måte tek føre seg dei ulike konsekvensane.

Utgreiinga og alle intensjonsavtalane kan folk lesa på heimesida til kommunen. Det kan vera nyttig å ta seg tid til å sjå litt på desse. Dei kan gje ein del svar, men det er og mange tilhøve det i dag er umogeleg å gje konkrete svar på. Det er vi opne på, og det må vera klart for alle at når vi skal slå oss saman med andre kommunar, må alle vera budde på å gje og ta. Då kan ikkje alt halda fram som før.

### Større påverknad

Ingebjørg Winjum kjem frå Aurland i Sogn. I 1978 kom ho og familien til Granvin etter at dei kjøpte gard på Såkvitne i Øvre Granvin. Dottera hennar, Inga Winjum Rørlie, driv no garden saman med ektemannen.

Ingebjørg rosar Granvin og graven-sarane og dei mange eldsjelene, som er så viktige i små lokalsamfunn.

-Vi får til mykje her i Granvin trass trong økonomi. Kulturen med å ta eit tak sjølve for å byggja eit triveleg lokalsamfunn, håpar eg vi skal greia å ta vare på, sjølv om vi går inn i ei større eining. Eidfjord, Ullensvang og Ulvik har bygder lik Granvin, og vi er nokså jamstore. Det har vore eit poeng i seg sjølv når me har forhandla fram intensjonsavtalane. Eg trur at ei løysing tufta på dei fire kommunane her inst i Hardangerfjorden, vil gje graven-sarane større påverknad og sikra lokaldemokra-

tiet betre, enn om vi vert del av ei stor eining.

- Dette er ein viktig grunn til at eg ynskjer alternativet med Ulvik, Ullensvang og Eidfjord, seier Ingebjørg Winjum, men understrekar at resultatet av folkerøystinga må vera med når avgjerd skal takast i heradsstyret. Frammøteprosenten vil sjølv sagt ha stor vekt her, og ho oppmodar folk om å nytta røystetretten.

Ordføraren seier også at ho har full forståing for at ein del graven-sarar ynskjer å bli del av Voss. Det er ein stor kommune i vår målestokk, og det er spådd ei omfattande utvikling i Vossa-området framover. Så det å få vera del av dette, vil kunna gje utvikling også i Granvin.

### Ungdomsskule

-I alternativet med indre Hardanger skal det opprettast ein ungdomsskule for dei tre småkommunane, og det er ein del av avtalen at den skal liggja i Granvin, seier Winjum. -Både fagleg og sosialt er det viktig at elevane får vera del av eit større miljø når dei går over i ungdomsskulen, og eg tenkjer at dette vil verta ein passe stor skule.

### Framtidig eldreomsorg i Granvin

Ho har fått med seg at mange i Granvin er bekymra for at sjukeheimen kan verta lagt ned. I intensjonsavtalen med kommunane i indre Hardanger står det nemleg at det skal byggjast eit hovudsenter for tenester innan helse og omsorg for heile kommunen, i Ulvik. Her skal spesialistfunksjonar samlast for å sikra sterke fagmiljø med relevant kompetanse. I samband med dette skal det byggjast ny sjukeheim i Ulvik.

-Eg har forståing for at graven-sarane vil behalda sjukeheimen, men eg trur at vi likevel kan få til ei god eldreomsorg også i framtida, seier Ingebjørg Winjum. Ho viser i samband med dette til eit skriv som ligg på heimesida til kommunen om framtidig eldreomsorg i Granvin. Her har leinga i helse og omsorg saman med sjukepleiarforbundet i Granvin laga ei utgreiing om korleis ein ser for seg eldreomsorga i Granvin knytt opp til heimetenesta. Det er viktig å understreka at heimetenesta med omsorgsbustadene framleis skal ha tilhald i Mælands-hagen.



### -Viktig at alle røyster!

**Direktøren for Granvins største private arbeidsgjevar, Moelven Bruk, Truls Langhelle, seier han ikkje er sikker på kva vegval Granvin bør ta.**

- Dette er ein svært viktig sak for Granvin, som dei sjølve må avgjera. Sidan eg er busett på Voss meiner eg det er feil å flagga mitt syn. Eg er eigentleg heilt nøytral, seier Langhelle som til dagleg har ansvaret for 31 tilsette. Han skryt av samarbeidet med Granvin herad og voner at heradsstyret kan få eit klart signal frå flest mogeleg.

### Går for Indre Hardanger

**-Eg har røysta for intensjonsavtalen med dei tre andre kommunane her inst i Hardanger seier logistikksjefen på Moelven Granvin Bruk, Lars Bjarte Røynstrand.**

Han vonar dermed at Granvin kan finne saman med både Ulvik, Eidfjord og Ullensvang. Han sit i heradsstyret for Høgre. Røynstrand seier at han ikkje har noko imot å venda seg mot Voss, dersom dei fire kommunane

inst i Hardanger ikkje finn saman. -Dersom det ikkje går så må vi venda oss i ei anna retning. Då meiner eg at Voss er betre alternativ for Granvin, enn det Kvam er, seier han.



Den sær s røynde Ullensvang-ordføraren Solfrid Borge (Sp), vil ikkje vektlegga korkje nord- eller sør-alternativet for ein mogeleg kommune samanslåing. Ho meiner at det framleis finst eit tredje alternativ. Det er å fortsatt stå åleine, som no:

-Det er mykje bra i begge intensjonsavtalane. Det var so langt vi kom i forhandlingane. Eg vil først og fremst høyre på kva folk i Ullensvang meiner, før eg tek mitt standpunkt. Og la meg understreka to ting: Det er slett ikkje slik at vi må slå oss saman. For det andre meiner eg det er leit at fleire snakkar om deling av Ullensvang. Kva vert då att av Norges frukthage?



ULLENSVANG-ORDFØRAREN SOLFRID BORGE (SP)

## Vil høyra kva folket meiner før eg tek mitt standpunkt

Solfrid Borge har lang røymsle som folkevald og ho er svært engasjert på Ullensvang sine vegne, og vil at innbyggjarane skal ha det beste tenestetilbodet.

Solfrid er fødd og oppvaksen på Bu i Ullensvang. Ho vart ordførar alt i 2003 og vil dermed når hennar fjerde periode går ut i 2019, ha bak seg heile 16 år i ordførarstolen for heradet. Ho legg ikkje skjul på at ho som Senterparti-veteran er svært oppteken av ein desentralisert struktur i Noreg og at det skal kunne leva og bu folk heile landet.

### Sentraliseringsprosess

-Eg ser på arbeidet med kommunereforma som ein sentraliseringsprosess, der det dessverre vert nytta mykje økonomisk pisk, som vi ikkje kjenner konsekvensane av. I vårt landstrakte land er det fleire regionar og kommunar som ikkje vil få noko vinst av å slå seg saman. Difor er det ikkje slik som mange openbert trur; at ein lyt slå seg saman. Eg reagerer og veldig på dei

korte tidsfristane. Når dette er sagt, så er eg slett ikkje mot kommunesamanslåingar, så lenge dei er fornuftige og gir vinst for folk flest.

Små skilnader i intensjonsavtalane Solfrid Borge seier at Ullensvang i alle høve har gjort jobben, både når det gjeld utgreiing, forhandlingar og to intensjonsavtaler, som begge vart samrøystes vedteke i heradsstyret.

- Det er små skilnader i begge intensjonsavtalane, sjølv om vi i begge to mister kommuneadministrasjonen vår i Kinsarvik. Det er klart at dette på sikt vil innebera at mange arbeidsplassar vert flytta, anten til Eidfjord eller til Odda. Når det er sagt så er det og mykje positivt i begge avtalane, seier Solfrid Borge.

### Liten økonomisk effekt

Solfrid Borge seier at ho ikkje kan sjå at tenestetilbodet i Ullensvang vert betre etter ei eventuell samanslåing, anten det no vert mot syd eller nord.

-Eg er redd for at ei samanslåing ikkje bygger noko nytt, som faktisk gjev vinst for folk flest. Samanslåingar må vere rettvise og fornuftige. Difor vil det i fleire små kommunar i Noreg framleis vera slik at dei har det betre som no, enn at dei absolutt må slå seg saman, eigentleg berre for å gjere noko styresmakterne vil, seier Borge. Og legg til: - Våre betraktningar syner og at det ikkje vert så stor endring i kommuneøkonomien vår, anten vi held fram som no, eller slår oss saman. Difor meiner eg at økonomien ikkje kan vere det berande argument for samanslåing. Då er det heller betre fagmiljø og meir kompetanse som talar for ei eventuell samanslåing, seier ho.

**Vil høyre kva folket seier i røytinga 23.mai:** - Som ordførar i Ullensvang er eg utroleg stolt over folket i Ullensvang og alt dei har fått til. Mi oppfordring til alle er at dei nyttar røysteretten sin 23.mai. Slik er du med å påverka Ullensvang si framtid, seier Solfrid Borge.

## Går for nord-samling, men trur at sør og nord er saman om 20 år

Byggmeister Inge Nedrevåg seier han vil røyste for at Ullensvang går for nord-alternativet med Ulvik, Granvin og Eidfjord. Men helst hadde han sett at også sør-alternativet hadde vore med.

-Ei samling av oss fire kommunane mot nord er vel og bra, men det vert for smått og pinglete. Personleg hadde eg mykje heller sett ei løysing som inkluderte begge alternativa. Men no er ikkje realitetane slik. Difor kjem eg til å røysta for at Ullensvang slår seg saman med nord-kommunane, seier Inge Nedrevåg.

-Ei samling av oss fire kommunane mot nord er vel og bra, men det vert for smått og pinglete. Personleg hadde eg mykje heller sett ei løysing som inkluderte begge alternativa. Men no er ikkje realitetane slik. Difor kjem eg til å røysta for at Ullensvang slår seg saman med nord-kommunane, seier Inge Nedrevåg.

Han er medeigar i Nedrevåg AS i Kinsarvik. Verksemda er ei av dei største private arbeidsgjevarane i bygda, med 20 tilsette.

### Gløymer ikkje så lett

-Vi som bur her i Kinsarvik og Lofthus er nok meir knytt mot nord enn til Odda. I tillegg gløymer ikkje folk så lett. Odda har i årevis vore motstandar av viktige samferdsleprosjekt hos oss i denne delen av Ullensvang. Difor trur eg at historia og kulturen talar for at folk her vil gå mot nord, sidan dei veit kva Odda har stått for

tidlegare innan samferdsleprosjekt, seier byggmeisteren.

### Nord + Sør om 20 år

- På den andre sida så er det mykje som talar for at Ullensvang bør gå mot syd og Odda. Reint næringsmessig sett så er vi nok meir knytt mot Odda enn mot nord. Diverre kan vi ikkje no seia ja til begge alternativa. Dersom vi ser om lag 20 år fram i tid, så ser eg ikkje bort ifrå eg at vi har ein ny og større kommune, beståande av det som i dag kallast for nord og syd-alternativet, seier Inge Nedrevåg.



## -Ullensvang bør gå for Nord-alternativet

Entreprenøren Bjarthe Vikane er klar på at han meiner at Ullensvang bør venda seg mot nord når ein ser på andre kommunar å slå seg saman med.

-Me høyrrer til med Ulvik, Granvin og Eidfjord. Me er likeverdige aktørar. Me passar mykje betre saman med dei i nord, enn om vi skulle venda oss syd til Odda, seier Bjarthe Vikane. Han eig og driv Vikane Entreprenør i Kinsarvik. Verksemda har seks tilsette og har arbeidd i Hardanger-regionen. Vikane seier at han vonar at folk set seg inn i kommunereform-saka.

### Personleg er han ikkje i tvil om kva han kjem til å røysta:

-Me høyrrer ikkje til i Odda. Difor meiner eg at nord-alternativet er den beste løysinga for Ullensvang. Det kjem eg til å røysta for, seier han.



-Desse tre høyrrer naturleg saman. Vi har trong for å styrka regionen. Derfor meiner eg at den nye kommunen kan byggast og via næringslivet. Då må Odda vere ein inkluderande storebror som sentrum, med Røldal, Jondal, Utne, Kinsarvik og Lofthus som sterkt deltakande "landsbyar". Det er ingen tvil om at vi i denne regionen har trong for betre samarbeid innan næringslivet. Eg tenkar då spesielt innan reiseliv og industri. Som styremedlem i SMB Hardanger arbeidar eg for betre samarbeid

## -Stort potensiale i næringsutvikling

Administrerende direktør i verksemda NLI Odda AS, Ingvald Torblå brenn for at det vert ein ny kommune beståande av Odda, Ullensvang og Jondal.

på tvers mellom næringslivet i Jondal, Ullensvang og Odda. Her har vi mykje å gå på. Men eg trur at ein ny kommune kan gjera det lettare å skape ny aktivitet og dermed arbeidsplassar. So difor vonar eg sterkt på at både Ullensvang og Jondal ser seg best tent med å 'fusjonera' med regionsenteret i Odda, seier Ingvald Torblå.

Til dømes har mange Ullensvang firma over år fleire tiår flytta til Odda, fordi det er her det er størst basis for å driva selskapa og her den største marknaden er. Så me er allereie meir samansveisa en mange tenkjer over og eg trur ein felles nærings-sjef ville ha tent alle betre.

Han leiar ein av regionens viktigaste arbeidsgjevarer. NLI Odda AS er ein hjørnesteinsverksemd med over 80 tilsette og

omsetnad på kring 170 millionar kroner. Han har svært god bakgrunn for å ha meiningar om utviklinga i Hardanger. Han har navn frå Ulvik, vaks opp i Ullensvang, bur i Odda og har fritidsbustad i Jondal.

-Det er svært viktig for næringsutviklinga i vår region at Odda vert større saman med Jondal og Ullensvang. Det vil vere ei ulukke dersom Jondal og Ullensvang skulle gå mot andre kommunar. Jondal, Ullensvang og Odda høyrrer naturleg saman. Eg trur til dømes at dersom Ullensvang går mot Eidfjord, Ulvik og Granvin, så er det berre år å snakke om for dei vert innlemma i Voss. Då må det vere betre å byggja ein sterk kommune her rundt Sørkjorden og Folgefonna med Odda som sentrum, men med livskraftige landsbyar i både Odda, Ullensvang og Jondal. For å sikre at det kjem ein vekst i den nye kommunen må næringslivet bidra sterkt, med eit betre samarbeid enn kva vi har i dag, seier ein optimistisk Ingvald Torblå.



# Ulvik-ordføraren har tvilt seg fram til samanslåing

- Dette er ingen enkel sak.

Kommunereforma er like ny for oss alle. Men det er på vår vakt dette skjer. Eg meiner at det hadde vore uansvarleg å ikkje greia ut om Ulvik skal halda fram som før, eller om vi skal slå oss saman med andre kommunar. Vi har fått laga eit faktabasert grunnlag for å velja. Eg har personleg tvilt meg fram til eit standpunkt der eg stør den intensjonsavtalen som vi vedtok samrøystes i heradsstyret, seier ordføraren i Ulvik, Hans Petter Thorbjørnsen (AP).



Han har vore ordførar i Ulvik sidan 2011 og har sett ei utvikling der små kommunar har fått stadig nye oppgåver å løyse, utan at økonomiske tilskot har kompensert desse. Thorbjørnsen er fødd i Bergen, men har budd i Ulvik heile livet, sidan foreldra hans var hotellfolk som kom til Brakanes. Der var Hans Petter Thorbjørnsen kurs- og konferanseansvarleg i 14 år før han vart heiltids-politikar. Dermed har han inngåande kunnskap om den eine av dei to næringane som er så viktig for nett Ulvik, nemleg turisme og landbruk.

## Hovedsenter i Ulvik

No ser det ut til at ein tredje næring kan gje arbeidsplassar og inntekter til Ulvik: Det er innan helse- og omsorg. Intensjonsavtalen mellom kommunane seier nemleg at det skal satsast på Helse- og omsorg i Ulvik. Her skal det byggjast ny sjukeheim.

- Dette er eit område der vi i Ulvik

i dag har god kompetanse. Dette vil vi no byggja vidare på. Vi vil kunne tilby fleire tenester og eit nytt hovudsenter for tenester innan helse og omsorg i Ulvik vil og sikra dagens arbeidsplassar men og gje nye arbeidsplassar og dermed bidra til auka aktivitet her. Det ser eg på som ein klar fordel for oss i Ulvik, seier Thorbjørnsen.

## Det er sluttsammen som tel

I arbeidet med kommunereforma har Ulvik-ordføraren tydeleg sett at alle kommunane som utgreier samanslåing vil tape noko på nokre områder. Det er heilt uunngåeleg. Men på den andre sida meiner han at det er sluttsammen som tel. - Kommunane Eidfjord, Ulvik, Granvin og Ullensvang er i dag kommunar med relativt lågt folketal. Vi er sårbare både når det gjeld tenesteutøving og inntektssituasjonen. Ei samanslåing av oss fire vil gje den nye kommunen god økonomisk soliditet og såleis sikre

at det også i framtida vert ytt gode tenester til innbyggjarane, seier Hans Petter Thorbjørnsen.

## Større fagmiljø, mindre sårbar

Han meiner at en ny kommune vil mogeleggjera større og sterkare fagmiljø, som til dømes ved den planlagde nye hovudsenteret innan helse- og omsorg i Ulvik, samt at rekrutteringa vert meir stabil med relevant fagpersonell. Dette vil bidra til at tenesteytinga til innbyggjarane vert mindre sårbar, seier Ulvik-ordføraren.

Han seier vidare at utfordringa i den eventuelt nye kommunen, er å unngå at det vert for sterk sentralisering til administrasjonssenteret over tid.

- I ein ny kommune er det sjølvsgad det nye kommunestyret som har avgjerdsmynde. Men eg har no tenkt å halde fram i politikken litt til, så dette er noko eg vil passe på, seier han.

## Folket har to val

Hans Petter Thorbjørnsen veit at mange er godt nøgde med tilhøva i eigen kommune i dag. Mange ser difor ikkje kvifor ein no absolutt skal vurdera å slå seg saman. Kvifor ikkje berre halda fram som før?

- Når folket går til urnane den 23.mai så har dei to val. Anten så

trur dei på Ulvik som no, eller så trur dei på betre tider ved større kommunar. Folk må ta si avgjerd på bakgrunn av kva dei ønskjer, ikkje på bakgrunn av frykt. Eg meiner at begge alternativa er reelle.

Eg vil stå på for Ulvik uansett kva råd vi får av folket. Og dei må berre

ta kontakt med meg dersom dei lurar på noko. Mi dør er open. Det viktigaste målet med kommunesamanslåing: Det er å sikra innbyggjarane i dei fire kommunane gode og desentraliserte tenester også i framtida, understrekar Hans Petter Thorbjørnsen.



## Uansett utfall så er det positiv utvikling

Dagleg leiar for Ulvik Næringslag og Turistkontoret, Vibeke Korsnes, representerer 43 medlems-verksemder frå Ulvik. Ho seier at dei næringsdrivande ikkje har flagga noko eintydig syn på kommunereforma.

Mange er for samanslåing, andre veit ikkje og ein god del er mot. Sjølv har eg ikkje noko i mot utvikling, og fornying men det er viktig at det ikkje gjerast forhasta, eg ynkjer ikkje no flagge noko konkret oppfatning. Uansett kva utfallet vert, så håper eg på at det vert bra for Ulvik. Det har sin bakgrunn i at eg opplever at det skjer så

mykje positivt her no. Det er så mange positive krefter i bygda, som samarbeider og skaper nytt. Det å kome frå Bergen hit til Ulvik har vore ei god oppleving. Det er så mykje bra dugnadsånd. Og uansett kva som skjer, Ulvik vil nok ikkje forsvinne, sjølv om vi går inn i ein større kommune, seier Vibeke Korsnes.



## - Alt vert ikkje betre ved samanslåing

- Eg trur ikkje at det vert så mykje betre her i Ulvik om vi går saman med andre kommunar. Men me veit jo ikkje konsekvensane av å stå aleine. Eg har ikkje teke noko avgjerd enda, men dersom det vert samanslåing, så må vi gjere det med jambyrdige, ikkje store kommunar som Voss, seier gardbrukar Kåre Olai Solheim.

Han meiner at det var rett av Ulvik heradsstyre og ikkje gå til forhandlingar med Voss.

- Eg har ikkje noko i mot Voss, men då trur eg vi hadde vorte alt for liten. Voss hadde nok vorte alt for dominerande. Difor har eg meir tru på at kommunar som Granvin, Ulvik og Eidfjord går saman, seier Solheim.

## Optimisme i landbruket

Han driv som sauebonde på Solheim, like ved Hjeltnes Vidaregåande skule, der han og er tilsett i deltidsstilling, i tillegg til at han brøyter snø om vinteren.

- Eg opplev at det er mykje optimisme i landbruket i Ulvik no. Mange investerer mykje og det er nye folk som ønskjer å kjøpa gard. Vi har godt samarbeid med grannekommunane innan til dømes Ulvik og Eidfjord Bondelag. Ein samanslåing kan kanskje forsterka denne positive utviklinga, ved at vi hadde fått ein meir heilheitleg landbrukspolitikk, seier Kåre Olai Solheim.

## Må gje vinst for folk flest

I utgangspunktet er han ikkje mot samanslåing, dersom den gjev vinst for folk flest. - Det kan henda at det vil vere betre for oss å gå saman med Eidfjord og Granvin, men dette vil eg setja meg meir inn i før eg går til røystelokalet, seier Kåre Olai Solheim.



## - Fortvila over at ikkje Voss er vurdert!

- Eg er ikkje i tvil om at vi i Ulvik må slå oss saman med andre kommunar. Eg vil røyste ja til det største alternativet. Men eg er fortvila over at ikkje Voss er vurdert!, seier lærar Solveig Hellesnes Uppheim.

Ho underviser ved Hjeltnes Vidaregåande skule og har tidlegare vore politisk aktiv for Venstre.

Ho peiker på at det skjer mykje innan samferdslesektoren som tilseier at Voss vert meir og meir sentral for Ulvik.

## Voss er vårt regionsenter

- Det er jo Voss som er vårt regionsenter i dag. Kvifor i alle dagar kan ikkje folk i Ulvik også få røyste på det alternativet? Uansett så trur eg at ein samanslåing av anten tre eller fire kommunar her inst i Hardan-

gerfjorden, eigentleg berre er eit stopp på vegen til samanslåing med Voss, seier Solveig Hellesnes Uppheim.

## Demokratisk riktig

Hellesnes Uppheim meiner uansett at det er demokratisk riktig å gå for ein samanslåing med Ullensvang, Eidfjord og Granvin, sidan dette vil gje større politisk styring på det interkommunale samarbeidet.

- Då vil vi og ein gong i framtida vere større og ha meir forhandlingsmakt når vi skal snakke med Voss, seier ho.



## - Positiv til samanslåing

Rektoren ved Hjeltnes Vidaregåande skule, Gunbjørg Øyre seier at ho har vore til positiv til ein samanslåing heilt sidan dette vart ei polisk sak for kommunane i Noreg.

- Vi er eit veldig lite herad. Eg trur at vi ikkje har noko val. Vi treng ei større eining. Eg meiner det er positivt med eit større miljø og tilførsel av meir kompetanse. Av dei to alternativa som ligg føre går eg klart for største, det som inkluderer Ullensvang. Dersom det skjer, så vil vi fortsatt vere ein liten kommune, men vi vil få eit mykje breiare politisk miljø, noko som er godt for lokaldemokratiet, seier Gunbjørg Øyre.

Ho trur ikkje at samanslåing vil få nokre direkte konsekvensar for Hjeltnes Vidaregåande. Men for Ulvik herad trur ho at dei positive konsekvensane vil bety ein del.

## Meir fagfolk og kompetanse

- Vi vil nok få ein betre økonomi. Vi kan få ein del nye arbeidsplassar med satsinga på helsesenteret her i Ulvik. Vi kan få ein mindre sårbar kommune. I ein større kommune vert det enklare å rekruttera fagfolk med høg kompetanse. Ein større kommune kan og vitalisera lag og organisasjonar. Dessutan passar kommunane her inst i Hardangerfjorden fint saman. I tillegg er det korte reiseavstandar. Men for å vere heilt ærleg, kvifor har vi ikkje også snakka med Voss? Ikkje det at eg er så oppteken av Voss, men det hadde vore greitt og også ha det alternativet, seier Øyre.



Ordfører Hans-Erik Ringkjøb (Ap):

## Voss ønsker Granvin velkommen, saman med Aurland og Vik

Han er større enn dei tre små krabatane i skulpturen "Heiagjengen" på Vangen, men lover at vossingane vil ta godt imot sine tre, nokre mindre, gran-nar. Voss-ordføraren Hans-Erik Ringkjøb voner at både Granvin, Vik og Aurland vendar seg til Voss når kommunereforma skal gjerast opp. Når det gjeld Granvin, har Ringkjøb berre godt å seie:

-Granvin er ein svært godt driven kommune med gode tenester. Sidan Voss er mykje større så er det viktig for oss å vere raus og audmjuke, seier han.

Han peikar på at intensjonsavtalen mellom Voss og Granvin slår fast at dei primære tenestene til innbyggjarane i Granvin fortsatt skal vera lokalisert i bygda.

### Sjukeheimen vert i Granvin

Dette inneber mellom anna at Granvin får behalda sjukeheimen, skulen frå 1. til 10. klasse og barnehagen, dersom dei går saman med Voss. Det er og eit mål at enkelte tenestetorgfunksjonar og Nav-tenester skal halda fram i Granvin, men legekantoret vert flytta til Voss. Granvin får og behalda 10 millionar kroner av den statlege støtta til kommunesamanslåingar. Desse pengane skal gå inn i eit bygdeutviklingsfond, forvalta av personer busett i Granvin.

### God avtale for begge

- Eg meiner at intensjonsavtalen vi har laga med Granvin er god for begge partar, seier Hans-Erik Ringkjøb. Men Voss har inngått ein anna intensjonsavtale i tillegg. Det er med Aurland og Vik. Også den avtalen meiner Ringkjøb er god for alle dei involverte.

- Begge avtalane kan danne eit godt grunnlag for å skape ein ny og større kommune.

### Vil skapa noko nytt

Han understrekar at dersom det skal vere noko poeng med kommunereforma, så må ein skapa noko nytt. Det meiner han er grunnlag for i ein ny eining basert på dei fire kommunane. Han voner at alle fire kan gå saman, sidan det er så mykje som ligg til grunn for at ein i fellesskap kan skapa ein ny og attraktiv kommune. Dei fire kommunane vert knytt tettare saman i ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion, med nær 20.000 innbyggjarar.

### Turisme og reiseliv i verdstoppen

- Vi har eit svært potensiale innan utvikling av turisme og reiseliv. Ein kommune basert på Granvin, Voss, Vik og Aurland vil verta ein av Noregs største geografisk sett, men ikkje minst vil vi vere lokalisert mellom dei to fjordane, som ligg heilt i verdstoppen som merkevare innan turisme og reiseliv. Her har vi i fellesskap noko heilt unikt. Dette området mellom Hardangerfjorden og Sognefjorden kan vi løfta fram enda betre i ein ny og større kommune, seier Hans-Erik Ringkjøb.

### Voss vert senteret

Dersom både Granvin, Vik og Aurland går saman med Voss vert det

nye administrasjonssenteret lagt dit, men Ringkjøb strekar under at mange tenester vert desentralisert. -I avtalen med Granvin er dette slått fast. Det same gjeld avtalene andre vegen. Avstandane over fjellet tilseier at det ikkje kan verta store sentraliseringseffektar av ein eventuell samanslåing, seier Vossa-ordføraren.

Nye Voss sitt kommunestyre skal ha 43 medlemmer for å sikre representasjon frå alle delar av kommunen. Den nye kommunen skal vere organisert etter formannskapsmodellen med 9 medlemmar i formannskapet. Dersom Granvin vil slå seg saman med Voss skal det etablerast ei fellesnemnd for å førebu, samordne og gjennomføre arbeidet med å etablere og byggje den nye kommunen. Fellesnemnda skal bestå av kommunestyrepolitikarar frå kvar kommune, med 3 frå Granvin og 5 frå Voss, der Voss har leiar i nemnda.

*Vil ha med både Granvin, Vik og Aurland: Voss-ordføraren Hans-Erik Ringkjøb med skulpturen "Heiagjengen", laga av kunstnaren Solveyg W. Scafferer.*





# AVTALEN MED KVAM

## Sjukeheim og betre veg

Det er inngått ein intensjonsavtale med Kvam der Granvin vil tiltre den eksisterande intensjonsavtalen Kvam alt har inngått med Jondal.

Dersom heradsstyret i Granvin vedtek samanslåing med Kvam, så vil det vidare arbeidet byggja på den avtalen som ligg føre mellom Kvam og Jondal, men med et tillegg som gjeld særskilt for Granvin.

I dette tillegget heiter det mellom anna at Granvin skal vere eit av fleire sentre i den nye kommunen. Adminstrasjonssenteret vert i Norheimsund. Teneleg etterbruk, eventuelt sal av heradshuset i Granvin skal utgreiast.

### Sjukeheim i Granvin

Primærtjenester som barnehagen, 1-10 skule, sjukeheim og heimetjenester skal oppretthaldast i Granvin. Helsetenestene skal samordnast i den nye kommunen. Det skal vere eit utekontor for legetenesta i Granvin. Det skal drivast ein aktiv næringspolitikk som bygger opp under dei næringsmessige fortrinna som finnes i Granvin i dag. Dette gjeld særleg skog- og jordbruk med tilhøyrande næringskjede, lokal foredling og lokal entreprenørverksemd.

### Betre veg til Øystese

Ein skal arbeida for utbetring og rassikring av heile strekninga av Fylkesveg 7 mellom

Øystese og Granvin.

- Eg vurderer det som rett at innbyggjarane i Granvin no har fått fleire alternative samanslåingar å velja imellom. Avtalane med alle grannane byggjer på den føresetnaden at ein meiner det er viktig at ein liten kommune som Granvin blir større for å kunne møte framtida og tryggje folkevekst og utvikling, seier rådmannen i Granvin, Trude Letnes. Ho seier at ei kommunesamanslåing inneber at gravensarane vil oppleve endring på fleire område. Dei ulike avtalane har ulike konsekvensar som kan opplevast både som gode og som mindre gode for Granvin i og med at det ikkje er dei same tenestene Granvin vil behalda lokalt i dei ulike alternativane.

# AVTALEN MED VOSS

## Avtalen med Voss, mål om auka folketal og næringsutvikling

I intensjonsavtalen mellom Granvin og Voss heiter det at dersom planane om ny E16 og jernbane vert realisert så vil dette gje potensiale til auka folketal og næringsutvikling i både Granvin og Voss.

Det er særskilt områda jord- og skogbruk, samferdsle, reiseliv og lokal foredling som skil seg ut. Granvin sin Hardangeridentitet skal sikrast og vidareutviklas og slik også gje ei utviklingsmogelegheit for reiselivet på Voss.

### Voss kommunesenter

Avtalen slår fast at barnehage, 1-10 skule, sjukeheim og heimetjenester skal oppretthaldast i Granvin. Vidare skal eventuell bemanningsreduksjon skje gjennom naturleg avgang. Eventuelle overtallige skal tilbydast andre oppgåver i den nye kommunen, som har arbeidstittelen "Nye Voss". Ingen skal gå ned i løn og dei tilsette i kommunen sine

pensjonsrettigheter skal ikkje verte svekka som fylgje av en samanslåingsprosess. Voss vert kommunesenter, men det ligg i avtalen at mykje av dei kommunale tenestene skal vere desentralisert. Namnet på den nye kommunen vert Voss. Det skal utarbeidast nytt kommunevåpen, ordførarkjede og grafisk profil.

### Alt tett integrert

Granvin og Voss er i dag ein tett integrert bu og arbeidsregion, der Voss er regionsenter for Granvin i høve til både arbeid og fritid. 27 prosent av gravensarane arbeider på Voss og 10 prosent av arbeidstakarane i Granvin er frå Voss. Med dei siste års betring av vegnettet er reisetida blitt kortare og integrasjonen tettare. I intensjonsavtalen heiter det mellom anna at det samla inntrykket er at kommunane har mykje til felles og a ei samanslåing kan gje ein sterk kommune med nye og spanande utviklingsmogelegheiter.

### Vik og Aurland

Voss har og laga intensjonsavtale med Vik og Aurland. Dersom både desse og Granvin vil gå saman mot Voss, skal dei to intensjonsavtalane Voss har med dei andre tre kommunane, til saman utgjere grunnlaget for den nye kommunen.

### Ulike, men likeverdige

Intensjonsavtalen seier at Granvin og Voss er ulike, men samstundes likeverdige. Ein ny kommune skal etablerast, driftast og vidareutviklast med utgangspunkt i kommunane sine styrker og særpreg. Samarbeidet om å byggja ein ny og framtidsetta kommune skal vere prega av likeverd, rausheit og forståing for kvarandre sin ståstad.

Heile intensjonsavtalen finn du på både Voss kommune og Granvin herad sine heimesider.

## Visjon:

# MÆLANDSHAGEN 2030

Mælandshagen 2030 er ein visjon for framtidig eldreomsorg i Granvin utarbeida av Sjukepleiarforbundet i Granvin og leiinga ved eininga for pleie og omsorg. I samband med kommunereforma vert det lagt opp til at sjukeheimspasientane i Granvin og Ulvik på sikt skal samlast i Ulvik. I Granvin vil det vere eit forsterka omsorgstun knytt til heimetenesta, med leilegheiter der tenesta kan tilpassast den enskilde sitt tilretteleggings- og omsorgs-behov.

- Granvin omsorgstun vil kunne vere eit døgnbemanna tilbod med base for heimetjenester. Det vil vere fokus på førebygging av sjukdom og funksjonssvikt, og tiltak for å sikra bebuarane naudsynt tryggleik. Folkehelse og mat er sentralt også i aldersomsorga, og det vil bli gitt tilbod om kjøp/ servering av mat, heiter det i innspelet.

Aktivitetstilbodet er ein del av førebyggjninga, og eit dagsenter med tilbod til bebuarar og heimebuarar vil bli utvida. Det vil

også bli tilrettelagt for eit helsekontor der ein kan møte lege og anna helsepersonell. Granvin omsorgstun skal ha ei målretta satsing på omsorgsteknologi. Aktivt samarbeid med frivillige vil bli prioritert.

For meir informasjon om visjonen for Mælandshagen 2030 kan ein lese heile dokumentet på heimesida til Granvin herad.

- Kvam er eit godt og vel fungerande herad i dag. Eg trur at vi fint kan klare oss som no, også i framtida. Men eg ser og mykje positivt i å skape ein ny og større kommune.

Vi har svært mykje til felles med Jondal. Vi har grense til Granvin, som og ligg kort unna Kvam. Eg stiller dei to alternativane vi har i dag likt, anten vi no går saman med Jondal og / eller Granvin, eller om vi held fram åleine, seier ordføraren i Kvam, Jostein Ljones.



Kvam-ordfører Jostein Ljones (Sp):

## -Ser mykje positivt å skape EIN NY OG STØRRE KOMMUNE

Han understrekar at han ser fram til å høyre folkets meining. Det skal gjennomførast ei meiningmåling i Kvam, der folk vert spurde om kva dei meiner.

### Beklagar nei til folkeavrøysting i Kvam

-Heradsstyret vedtok at det ikkje var naudsynt med folkeavrøysting, sidan engasjementet knytt til kommunereforma her i Kvam har vore lavt. Det har nok sin bakgrunn i at kvemmingane veit at det ikkje vert dei store strukturelle endringane for Kvam, anten vi no går saman med andre mindre kommunar, eller om vi held fram som før. Det høyrer nok og med at Kvam er eit relativt stort og vel fungerande herad i dag, med eit godt tenestetilbod til både yngre og eldre. Personleg er eg derimot lei meg for at det ikkje vert nokon folkeavrøysting, seier Jostein Ljones. Fleirtalet i heradsstyret meinte at dei som eit demokratisk vald organ av folket i Kvam, sit på den naudsynete kunnskapen og oversynet i dette spørsmålet, og soleis er best skikka til å fatta denne avgjerda på vegne av folket.

### Ventar på folkeavrøystinga i Jondal og Granvin

Han seier at Kvam heradsstyre ikkje kjem til å fatte noko vedtak knytt til

eventuell samanslåing, før resultatane frå folkeavrøystingane i Jondal og Granvin ligg føre, den 23.mai. -Det kan jo hende at Jondal anten seier nei til samanslåing, eller at dei vendar seg mot Odda og Ullensvang. Skulle det skje så må vi ta opp att forhandlingane med Granvin. Dersom Jondal skulle ønskje samling med oss, så vil Granvin tiltre intensjonsavtalen mellom Jondal og Kvam, med nokre tilleggspunkt, seier Ljones. Uansett så vil ikkje Kvam fatte noko vedtak før i juni. Då veit ein kva Jondal vil. -Eg trur at det kan verta ein god og nokre større kommune dersom både Jondal og Granvin vil slå seg saman med oss. Vi får sjå. Uansett så trur eg at vi i Kvam går saman med dei, dersom meiningmålinga syner eit klart fleirtal for det. Skulle eit klart fleirtal derimot ønskje at Kvam fortsatt skal stå åleine, så er det klart at vi politikarane må ha respekt for folkets meining, seier Ljones.

### Frå null til to kommunar

Etter ein lang periode der ingen andre kommunar ville ha samtaler med Kvam knytt til kommunereforma, kom det med eitt to samanslåingsalternativ opp for kvemmingane. Det er inngått ein intensjonsavtale med Jondal, samstundes som Granvin vil slutta seg til denne.

-Intensjonsavtalen med Jondal vart samrøystes vedteke i kommunestyret vårt. Det er difor ein god avtale, for både Kvam og Jondal. Det er klart at vi har mykje til felles og saman kan vi skape noko nytt, med betre og større fagmiljø og ikkje minst ein mindre sårbar kommune.

Jostein Ljones er inne i sin andre periode i heradsstyret. Han vart vald til ordfører hausten 2015. Han er fødd i Øystese og bur på Ljones der han har gard. Før han vart ordfører hadde han 20 mjølkekyr og over 6000 høns. Han har drevet som bonde i 26 år og har bak seg tunge verv i både Noregs Bondelag og ikkje minst ti år i styret for Tine.

### Bekymra for nytt inntektssystem

-Personleg har eg ikkje noko imot ein samanslåing med Jondal og Granvin. Vi samarbeider i dag svært godt med grannkommunane våre. Til dømes har vi mykje interkommunalt samarbeid med Jondal, som fungerer svært bra, innan til dømes IT, barnevern, PPT og så bortetter. Eg trur derfor det vil vere ei god løysing for alle parter. Men eg er djupt uroa over det føreslåtte nye inntektssystemet for kommunane. Dersom det vert vedteke slik det no føreligg, så kan mange norske kommunar tape mykje.



# Frivillig liten kommune eller ikkje?

**For å gje tenester til innbyggjarane får kommunane overført midlar frå staten gjennom eit inntektssystem. Overføringane skal ta omsyn til om ein kommune er lett eller tungdriven, og skal jamne ut ulikskap i utgifter.**

Dette gjeld til dømes aldersfordeling, sosialøkonomiske kriterium og reiseavstand. Samstundes skal inntektssystemet delvis kompensere for skilnader i skatteinntekter. Ei slik utjamning skal bidra til at alle kommunane blir i stand til å yte likeverdig tenester som barnehage, skule, kultur, vegar, vatn, pleie og omsorg, anten du bur i ein liten eller stor kommune. Systemet skal òg ivareta regionalpolitiske målsetjingar for busetnad og næringsliv.

## Frivillig små får mindre

Det nye inntektssystemet som det no er einigheit om på Stortinget, må sjåast i samheng med kommunereforma. Fram til no har kommunane fått kompensert fullt ut ulempene ved å vera liten. I nytt inntektssystem vil ein skilje mellom frivillige og ufrivillige små kommunar. Måten differensieringa skal

skje på, er gjennom innføring av eit nytt strukturkriterium. Dette kriteriet skal fanga opp geografiske og kommunikasjonsmessige forhold som kan gjere at ein kommune er ufrivillig liten. Strukturkriteriet måler gjennomsnittleg reiseavstand for innbyggjarane før dei møter 5 000 innbyggjarar. Strukturkriteriet blir nytta til å gradere halvparten av kommunen sitt basistilskot (i dag er basistilskotet likt for alle kommunar).

Det nye inntektssystemet skal framleis ha ein god distriktsprofil noko som gjer at den økonomiske ramma til kommunane i Hardanger ikkje vil bli vesentleg lågare. Det er særleg dei små kommunane i sentrale strøk om blir straffa for å vere små. Det nye inntektssystemet vil likevel ha fleire ordningar og gulrøter for kommunar som ynskjer å slå seg samane.

## Folkerøystinga er rådgjevande

I inndelingslova § 10 står det at kommunane bør høyre innbyggjarane før dei gjer vedtak om grenseending/samanslåing. Debatten om kva for metode som er best eigna til å høyre innbyggjarane har gått høgt både i kommunane og i media. Kommunane i indre Hardanger har vald å ha folkerøysting, medan Voss og Kvam skal ha spørjeundersøking i saka om kommunesamanslåing.

Ei folkerøysting kan etter lova berre vere rådgjevande fordi innbyggjarane gjennom kommunevalet har valt sine politiske representantar som skal ta avgjersler på innbyggjarane sine vegne. Men nokre saker blir rekna som så store at ein likevel bør opna for direkte påverknad gjennom folkerøysting. Kommunesamanslåing er ein slik sak. Men kva betyr det

at ei folkerøysting berre er rådgjevande? Er det slik at politikarane står fritt til å lytta til folkemeininga? Etter lova er det faktisk slik at politikarane sjølv avgjer korleis dei vil nytta svara i ei folkerøysting, men stort sett føl politikarane rådet frå innbyggjarane. Det er ikkje uproblematisk å be om innbyggjarane sine råd, og så ikkje følgje dei. På den andre sida er det like problematiske om valoppslutninga til dømes er under 40 %, og valet blir tatt på grunnlag av mindretallet av innbyggjarane sine meiningar. Det er også ei utfordring dersom stemmene blir likt fordelt mellom dei ulike alternativa.

Dette er dilemma politikarane i dei einskilde kommunane må drøfta før dei tek ei endeleg avgjer innan 1. juli 2016.

HER SKJER  
VALET  
23. MAI

### GRANVIN HERAD 23. MAI

Det blir høve til å førehandsrøysta frå 2. mai. Dei som fyller 16 år i 2016 vil ha høve til å røysta.

Det skal røystas over tre alternativ:

1. Ja til samanslåing med Kvam herad
2. Ja til samanslåing med Voss kommune
3. Ja til samanslåing av minimum 3 av kommunane i Indre Hardanger (Ulvik, Eidfjord, Ullensvang og Granvin)

